



Norsk kulturforum

Postboks 414, Sentrum

0103 Oslo

Telefon: 22 42 83 00

E-post: noku@noku.no

www.noku.no

Norges kulturkommune 2011

Prisen *Norges kulturkommune* blir delt ut av Norsk kulturforum kvart andre år, og har som føremål å fokusere på kommunane sitt kulturengasjement og innsats for det lokale kulturlivet.

Prisen vart første gong delt ut i 1992 til Larvik kommune og seinast i 2009 til Vinje kommune.

Kåring

Hausten 2010 kårar fylkesjuryar vinnar i kvart fylke. Det blir lagt opp til at Norsk kulturforum sine fylkeslag saman med fylkeskommunane (kulturpolitikarar og administrasjon) nominerer kommunar som dei meiner vil vere gode kandidatar. Dei nominerte kommunane vel sjølve om dei vil ta imot nominasjonen og utarbeide ein presentasjon av eige kulturliv og kulturpolitikk.

Fylkesvinnarane går vidare til den nasjonale kåringa, der tre kommunar blir nominerte og får presentere seg ved eit arrangement i Oslo våren 2011, og der Norges kulturkommune blir utpeikt.

Kriteria

Prisen blir tildelt ei kommune som i særleg grad har markert seg med ein allsidig innsats for kulturlivet. Det vil i vurderinga bli lagt vekt på følgjande:

- Kommunane si satsing på heilskapleg og langsiktig planlegging, synleggjort gjennom vilje og evne til ta vare på viktige lokale kulturelement, legge til rette for gode ordningar i det daglege kulturarbeidet og utvikle nye og utradisjonelle tiltak.
- Involvering av lokale kulturaktørar, både frivillige og profesjonelle, gjennom samarbeid og dialog, herunder innbyggerane sine ønskje og vurderingar knytt til estetikk og plassutvikling.
- Kommunane sitt arbeid med forankring av kulturlova i eiga kulturpolitisk verksemd.
- Eit godt og variert tilbod om eigenaktivitet og opplevingar for alle aldersgrupper.
- Kommunane sine kulturpolitiske ambisjonar.

Søknaden blir i første rekke vurdert ut frå innsend eigenpresentasjon. Det vil berre i unntakstilfelle bli lagt vekt på plandokument, brosjyrar, tiltaksrapportar o.l. Slike dokument vil likevel bli brukt meir generelt, som grunnlag for Norsk kulturforum sitt arbeid med å synleggjere gode prosjekt og tiltak med interesse for kultur-Norge som heilskap.

Jury

Fylkesjuryar blir organiserte av Norsk kulturforum sine fylkeslag.

Den nasjonale juryen for 2011 har desse medlemmene: Gunn Karin Gjøl, leiar av Stortingets familie- og kulturkomité, Halvdan Skard, leiar av KS og Jorunn Bøe, leiar av Norsk kulturforum.

Pris

Fylkesvinnarane blir tildelt diplom frå Norsk kulturforum med stadfesting om at dei er kåra til årets kulturkommune i sine fylke og er kandidat til prisen *Norges kulturkommune*. Fylkesvinnarane vil få høve til å presentere seg på Norsk kulturforum sine heimesider.

Norges kulturkommune blir tildelt eit kunstverk, og vil få ein brei presentasjon i Norsk kulturforum sitt arbeid.

Norsk kulturforum

Oslo, mars 2010